

Radar

2012 nr. 3

Kyrkjeblad for Radøy sokn

28.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefonid
Måndag til fredag
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796
msskauge@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
jwkay@me.com

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K.Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø
Marta G.Hvidsten 909 18 214

Nytt frå soknerådet



Soknerådet er eit organ som kanskje mange ikkje kjenner så godt. Rådet har vanlegvis 10 møter i året og handsamar alle saker som gjeld det kristne liv i soknet. I Radøy som er ein kommune med berre eit sokn har dei også ansvar for dei økonomiske og administrative oppgåvene.

Soknerådet er også styre i verksemda Radøy Sokn. I Radøy er det 8 valgte medlemmer i tillegg til sokneprest og ein kommunal representant.

Rådet har nyleg vedtatt budsjett for 2013. Det er ikkje lagt opp til mange nye aktivitetar, men pris- og lønsauke gjer at vi må styra økonomien forsiktig. Festeavgiftene vil auka litt i forhold til i år. Elles er prisen på dei fleste tenestene uendra i budsjettforslaget. Kommunestyret skal seinare i haust gjera endeleg vedtak om satsane.

I november skal soknerådet drøfta ny kyrkjeordning etter 2013 og gje sine tilbakemeldingar til Kyrkjerådet. Trusopplæring vert også eit viktig tema for soknerådet framover, sjå eiga sak på side 8.

Sjølv om det meste er i god stand sett ut frå alderen, er det alltid trong for vedlikehald av kyrkjene. Manger treng utvendig maling, i Sæbø flassar malinga av taket innvendig og i Hordabø må vi lakke golvet. Noko klarar vi med eigne midlar og tilsette, men når det gjeld større oppgåver må vi setja vår lit til at kommunestyret gjer oss i stand til å få gjort det som trengs.

Kyrkjelyden har i mange år hatt eit misjonsprosjekt i Brasil. Prosjektet er no avslutta etter at landsbyevangelist Sergio Schaeffer gjekk av med pensjon.

Soknerådet har gått inn for å støtte eit nytt prosjekt, også i regi av NMS, "Menighetsplanting i Estland." Årleg innsamlingsmål vart sett til kr. 15 000, med moglege større sum ut frå dei aktivitetane som er tileigna prosjektet.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*



Ludvig Grindheim
Leiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



Marta Grønstad Hvidsten
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Gudrun Rikstad
Nestleiar 2011-2012
Administrasjonsutval
Vararep. gudstenesteutvalet



Britt Sissel Kvamme
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Elin Klausen
Administrasjonsutval
Kyrkjelydsutvalet i Manger



Kenth Remy Nesbø
Offerkomiteen



Simon Grandahl
Gudstenesteutvalet
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



Silje Kristin Ellingsen
Offerkomiteen

Radøy sokn på sosiale medier

Radøy sokn var tidleg ute med internettsider, og er no til stades både på Twitter og Facebook.

Først og fremst legg vi ut informasjon om kva som skjer i soknet, med gudstenester, konsertar og andre interessante arrangement. Som Twitter-bruker kan du fylgje @radoysokn. Er du på Facebook, kan du gå inn på facebook.com/radoysokn og trykke på "Like". Då vil du få våre statusoppdateringar inn på veggen din.



[facebook.com/
radoysokn](https://facebook.com/radoysokn)



[twitter.com/
radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)

Reisebrev frå Litauen



“Old Mill Hotel”, heimen vår i Klaipeda

vel fire og ein halv timar på flyet til Palanga. Nokre nytta allereie høvet til å handle, andre fann seg ein sofa der ein kunne ta igjen litt søvn.

Innflyginga til Palanga går over lange, fine strender men diverre hadde vi drege med oss Bergensvêret. Regnet la imidlertid ingen demper på stemninga då vi satte oss til bords på ein koseleg restaurant ikkje langt frå flyplassen. Her kunne vi smake på spanande Litauiske rettar, og sjølv sagt det lokale ølet. Høve fekk vi òg til å prøve nokre enkle uttrykk på Litauisk, og etter nokre interessante forsøk greidde vi å seia takk (ačiū) for maten.

Jūratė hadde funne eit fantastisk flott hotell til oss, Old Mill Hotel midt i byen Klaipeda. På veg dit var det trong for å handle, og kva då er betre enn ein ekte Rimi-butikk? Resten av kvelden valde dei fleste av oss å tilbringe på hotellet, men nokre ildsjeler var allereie i gong med å utforske klesbutikkane på Acropolis, det største kjøpesenteret i Klaipeda.

Utkvilt og klare for nye opplevingar, blei vi henta på hotellet av den same blide bussjåføren som hadde møtt oss på flyplassen. Turen i dag tok oss nordover mot landsbyen Salantai. Første stopp var på museumssenteret i Plateliai. Området ligg midt i ein nasjonalpark med flott natur og eit yrande fugleliv. Her fekk vi

Det siste året har Jūratė Norkuviene vore dirigent for Radøy damekor. Den 13. til 17. september reiste koret på turné til heimlandet hennar, Litauen. Dette var første gongen koret har reist på utanlandsturné, og det kan vel trygt seiast at opplevinga gav meirsmak!

Tidleg ein torsdag, kl 0500, samlast reisefylgjet på Flesland – 13 songarar pluss dirigent og pianist. Første steget på reisa var til København der vi måtte vente i



Museumssenteret i Plateliai



Pianist og dirigent driv rekruttering på museet i Plateliai.

eit sterkt møte med ei tid som dei aller fleste av oss framleis hugsar: frå denne basen kunne Sovjetunionen skyte opp raketar kraftige nok til å kunne utrydde store delar av Vesteuropa og jorda ellers. Heldigvis, er raketane no borte og dei underjordiske “katedralane” som husa dei er no berre historiske kuriositetar. At den idylliske naturen kunne gøyme på ein så mørk løyndom er nesten utroleg; den sterke kontrasten mellom natur og øydeleggjing nesten ufatteleg.

Dagens lunsj spiste vi på ein liten kafé i Salantai. På menyen, Litauen sin nasjonalrett Zepelinas. Maten minner om raspeballer (men utforma som luftskip) og er servert med ein smakfull fløytesaus. Dette er skikkeleg kost og med berre eit par timar til vår første konsert, var det fleire som lurte på korleis dette skulle gå!

Konserten i dag skulle vera i konsertsalen på kulturskulen i Salantai. Her vart vi godt mottekne av elevane, lærarane og eit entusiastisk konsertpublikum. Skulen sitt barnekor opna konserten, så var det vår tur. På programmet hadde vi ei blanding av norsk- og engelskspråklege songar, kyrkjemusikk og Beatles-hits. På slutten av konserten kom det fleire tilhøyrarar som hadde fått høyre at konserten skulle byrja éin time seinare. Då var det ikkje anna å gjere enn å ta ein liten reprise!



På kulturskulen i Salantai

På veg tilbake til Klaipeda vart vi invitert heim til Jūratė sin familie, hyggelege og gjestfrie folk som gjorde sitt for at vi følte oss heime. Dei håpar å koma på besøk til Radøy neste år, og vi ser fram til å møte dei igjen.

Laurdag var damene klare for litt “retail therapy”. Tenk deg Knarvik senter, berre mange gongar større. Då er du kanskje i nærleiken av å sjå føre deg handesenteret Akropolis: lange handlegater med nesten ingenting anna enn kles- og skobutikkar, og i midten fleire gode restaurantar. Ein kunne bruke fleire timar på å gå rundt heile senteret og berre vere innom nokre få butikkar. Det vart visst handla fleire julegaver til slekt og vener, men meir enn det skal eg ikkje avsløra...



Frans av Assisi-kyrkja i Klaipeda

Konsert skulle det vera i dag òg, denne gongen i ei fantastisk ny kyrkje i utkanten av Klaipeda (ikkje langt frå den tidlegare nemnda Rimi-butikken). Kyrkja er dedikert til Sankt Frans av Assisi og vart vigsla tidlegare i år. Altarpartiet var ikkje heilt ferdig, men kyrkjerommet elles var flott utsmykka — og det går visst an å laga trebenkar som er gode å sitja i, iallefall i Litauen! Det var òg godt å sjå at universell utforming er viktig for kyrkja der. Akustikken var så godt som perfekt for korsong, og det var

nok fleire som byrja å tenkja på ny CD-innspeling når dei stod der og song!

Vertskoret vårt i Klaipeda inviterte til fest etter konserten. Koristane hadde laga til mykje god mat, mellom anna eit fantastisk godt steikt kvitlauksbrød! Utpå kvelden song kora både saman og for kvarandre, og repertoarvalet vart etterkvart meir og meir kreativ: alt frå norske bruremarsjar til ABBA og Litauiske kjærleiksviser. Ei flott avslutning på ein innhaldsrik dag!

Ein ting som nordmenn på tur sjølvsagt må få med seg er ein ferjetur. Difor var det godt at søndagsturen til Nida starta med det! Nida ligg på den kuriske landtunga, ikkje langt frå Kaliningrad, som høyrer til Russland; men då meldinga “Velkommen til Russland” tikka inn på mobilen med informasjon om samtaleprisar på kr 42 minuttet, valde vi likevel å halde oss på den Litauiske sida av grensa.

Guide hadde vi med oss i dag òg, ein blid og engasjert kar som fortalde om området sin historie, folkemyter og ikkje minst



På leiting etter rav...

om rav, som kanskje kan kallast for Litauen sin nasjonalstein. På stranda fekk vi sjå korleis lokalbefolkninga leitte for rav, og seinare på ravmuseet korleis steinen kan brukast til å laga dei mest fantastiske smykker.

Mandag var den siste dagen vår i Litauen. For nokre var det atter ein tur til Akropolis som stod på programmet, medan andre vandra rundt i gamlebyen og nytta finevêret. Det var først rett før bussen til flyplassen skulle henta oss, at fleire byrja å lura på om dei kanskje hadde handla litt for mykje... måtte ein betale for ekstra koffert? Kor mykje hadde ein lov å ha meg seg – eigentleg? Då var reisevekta som undertekna hadde med seg til stor glede for dei handleglade damene! Med litt omrokkering her og der var det ingen som hadde overvekt, men tid til meir handling hadde vi ikkje.



Det vakkre området rundt hotellet vårt

Etter berre fire dagar, følte vi oss heime i Klaipeda. Over alt fekk vi ein varm velkomst, og fekk syngja for musikkglade og engasjerte publikum. På begge konsertane våre var det inspirerende å sjå, og høyre, korleis folk gledde seg over musikken. Så mange inntrykk på så kort tid: rakettbaser frå den kalde krigen, toppmoderne handlesenter, fest med vertskoret vårt, koselege kveldar i hotellbaren... Det var nesten litt rart å reise heimatt til Norge, til familiar og vener som ikkje hadde opplevd alt vi hadde vore saman om dei siste dagane.

Takk til alle kordamene for ein flott turné, og ein spesiell takk til Jūratė som hadde gjort ein kjempejobb på førehand med overnatting, konsertlokalar, buss og meir.

Ein ting er sikker: dette vert ikkje siste gongen Radøy damekor reiser på tur!




Ein glad gjeng på veg heim...

*William Kay
Akkompagnatør*

<http://youtu.be/yaRALMeC0To>





STØRST AV ALT

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

Gla'melding om trusopplæringsmidlar!

Endeleg skal også Nordhordland prosti få trusopplæringsmidlar. Framlegget til statsbudsjett for 2013 viser at kyrkja har fått 31,2 mill kroner i friske midlar til trusopplæringsreforma. Kyrkjerådet syner i ei pressemelding til at dette er langt under det som må til for å få fullfinansiert reforma etter dei føringane som vart lagt då reforma vart vedteken i 2003. Likevel gler vi oss over at potten er større i år enn i fjor og at vi allereie har fått vite at Nordhordland vil bli innfasa i trusopplæringsreforma til neste år.

«Trusopplæringa skal dermed alltid ha eit fokus på det mest sentrale i kristen tru: Gud har vist kjærleiken sin ved å sende sin eigen son, Jesus Kristus, for å døy for syndene våre og forsone alle menneske og verda med seg sjølv. Alle er gjennom dagleg omvendning kalla til å leve og vekse i denne trua som blir gitt i dåpen. Trusopplæringa har som hovudoppgåve å lære å halde alt det Jesus har befalt, så alle døypte lever i tru og håp som verkar i kjærleik.»
Trusopplæringsplanen for Den norske kyrkja.

Her i prostiet har vi arbeidd fram mot dette lenge, og sokneråda har gjort vedtak om samarbeidseiningar med høveleg storleik. Radøy har inngått eit samarbeid med Austrheim og Fedje om å opprette ei felles stilling som skal jobbe med trusopplæring. Til dette ynskjer vi ein person med relevant høgare utdanning, gjerne innan pedagogikk. Dei statlege midlane rekk ikkje til ei heil stilling, men vi håper at med støtte frå kommunane skal vi få på plass dei 210 000 kronene som trengst, og at ein dermed skal få ein ny trusopplæringsmedarbeidar på plass til sommaren 2013.

Ein trusopplæringsmedarbeidar vil vere ein nøkkelperson i utviklinga av trusopplæringsarbeidet lokalt. Den norske kyrkja har vedteke ny trusopplæringsplan som har som mål at alle døypte skal få 315 timar trusopplæring frå dei er 0-18 år. Dette er ei kjempestor oppgåve, og abso-

lutt ikkje noko berre ein eller få personar skal drive med; dette er heile kyrkjelyden si oppgåve! Ikkje berre er det ei stor oppgåve, men det er også ei av dei viktigaste. Nye generasjonar må få høyre evangeliet om Jesus.

Vil du vite meir? Trusopplæringsplanen og mange andre ting om trusopplæring finn du ved å gå inn på www.kyrkja.no.

Marianne Støylen Skauge

På fisketur for orgelet

Orgelotteriet gav nær 74 000 i inntekter frå loddsal saman med basaren 21.juni. Fisketur med prest og kyrkjevevje var ein av gevinstane. Den heldige vinnaren Anders Kolstad var på plass i Syltavågen om ettermiddagen 17. august godt utstyrt med eigen reiskapskasse og proviant.



Etter eit par forsøk på fjorden fann vi ut det vart i meste laget med vind og bølger og trekte inn smulare farvatn. Ekkoloddet viste fisk både her og der, men sjølv om vi fiska iherdig og soknepresten satsa den beste sluken ville det ikkje bita. Så dårleg var det at vinnaren ymta frampå om ny tur grunna manglande fangst. Han var likevel med godt mot og etter ei kaffiøkt med lefser og anna smågodt vart strategien endra.

Vi søkte opp nye fiskeplassar i le av nokre holmar. Fangsten tok seg kraftig opp og vi fekk både lyr, pale og makrell og til sist ein flott torsk. Dei minste vart sleppt ut til eit seinare høve. Tusen takk til vinnaren Anders Kolstad for ein flott tur.

Audun Sylta

*Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt belgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda
slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi og tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.*

Ny bok frå Åsmund Stray Nordberg “Skjønnheten”



Åsmund Stray Nordberg, ein av mange innvandrara til strilelandet og Radøy, har gitt ut ei ny bok på det danske forlaget “Queenswood”. Mange kjenner til Åsmund frå hans deltaking i kyrkja, blant anna gjennom barne- og ungdomsarbeidet og som medliturg i den nye gudstenesteordninga. Radar har sjølv sagt møtt forfattaren. Vi er nysgjerrige på kva denne boka handlar om!

- “Skjønnheten”? Er dette ei bok om mote og sminke?
- Hehe. Nei, det trur eg andre har mykje meir peiling på enn eg. Det er rett og slett ei bok om kva eg synest er vakkert – ja, kva eg synest er usedvanleg vakkert! Og korleis eg ser denne prakta som ei gåve frå Gud.
- Men kvifor ei bok? Kva har vore drivkrafta di?
- Eg har skrive om det i forordet til boka.

Han les derfrå: “Plutselig, ein dag hausten 2009, kom det over meg at eg måtte skrive ei bok om venleiken. Same dag var kapittelinddelinga klar – eg måtte skrive om venleiken i tala, fargene, Gud, mennesket, sansane, biletkunsten, musikken, litteraturen, humoren, kulturar og naturen. Til slutt måtte eg ha ein avrunding/appell. Kapitlet om Kulturar blei seinare endra til Kontinent og nasjonar.”

- Unnskylld, venleiken i dei tala? Dei tørre tala??!?
- Ja, tal er vakre! Nydelege! Vedunderlege! Eg elsker tal! Og dei inneheld så mykje løyndom. I alle religionar og kulturar har tal ei symbolsk verdi. Eg skriver om kva symbolikk eg synest er tiltalende.
- Hmm. Ja vel. Og kvar kan ein skaffe denne boka?
- Den kan tingast i alle bokhandlarar, frå forlaget eller frå meg. Eg har dessutan oppretta ei nettside – www.skjonnheten.net. Der finn ein meir informasjon om boka.

Radars utsende medarbeidar blir litt nysgjerrig på denne boka. Kanskje du òg?

Redaksjonen.

Konfirmantjubilantar i Manger


Radar har fått tilsendt desse flotte bileta av 50- og 60-årskonfirmantane i Manger.



Orgelvøla i Manger kyrkje

Tilbodet frå Jehmlich Orgelgebau i Dresden lyder no på €72 800. Med dagens kurs tilsvarar dette kr. 540 000. Når alle kostnader er tatt med reknar vi med at prosjektet vil kosta oss ca kr. 630 000 føreset at eurokursen ikkje går i feil retning.

Så langt har vi innsamla midlar og tilsagn frå kommunen på kr. 574 000. Det er framleis eit stykke fram og vi skal ha ein del aktivitetar i haust for å koma i mål. Hugs at du kan gå inn på radoysokn.no og verta "pipefadder". Følg også med i lokalavisene for andre aktivitar til inntekt for orgelet i løpet av hausten!



...

Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS
815 33 300
www.kirkens-sos.no




Bli pipefadder
og støtt orgelet i
Manger kyrkje!

Sjå radoysokn.no

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
08.07 6.s.i treeiningstida	Nordhordland Indremisjon	1219,00
15.07 7.s.i treeiningstida	Misjonsalliansen	1084,00
29.07 Olsok	Fjon Fjellkyrkje og ungdomssenter	818,00
05.08 10.s.i treeiningstida	Orgelprosjektet Manger kyrkje	2309,00
12.08 11.s.i treeiningstida	Den Norske Israelsmisjon	946,00
19.08 12.s.i treeiningstida	Laget	1826,50
26.08 13.s.i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	2330,00
02.09 14.s.i treeiningstida	Orgelprosjektet Manger kyrkje	4776,00
09.09 15.s.i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy	6098,00
16.09 16.s.i treeiningstida	IKO – Kirkelig Pedagogisk Senter	3233,00
23.09 17.s.i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy (2 offer)	4334,00
30.09 18.s.i treeiningstida	Norsk Lærarakademi	4320,00
07.10 19.s.i treeiningstida	Misjonshøgskolen i Stavanger	1938,00

	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	6098,00	14179,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	6664,00	27324,33
Offer til orgelprosjektet	7085,00	12298,00
Offer til andre organisasjonar:	15384,50	121656,00



Familiennytt: Vigde

- 07.07.2012 Lise Skaalevik Dahle og Andreas Olsnes Takvam
- 28.07.2012 Katrine Marøy og Arild Instebo Bø
- 04.08.2012 Linn Hagen og Roy-Anders Bø Nilsen
- 11.08.2012 Stina Borge og Christian Dale
- 29.09.2012 Ramona Thomassen og Even Thomassen

Familiennytt



Døpte

08.07.2012 Elena Klausen Nordanger
 15.07.2012 Vetle Quam Langhelle
 05.08.2012 Brage Bøe Pedersen
 05.08.2012 Amalie Tjore
 05.08.2012 Maire Rath-Vågenes
 12.08.2012 Ørjan Valdersnes
 26.08.2012 Oskar Hagesæter
 09.09.2012 Marcus Baardsen
 Johannessen
 09.09.2012 Jostein Andre Håland
 09.09.2012 Christian Rikstad Prytz
 Sivertsen
 23.09.2012 Emine Haugland Namtvedt
 23.09.2012 Aurora Haugland Namtvedt
 30.09.2012 Amalie Rognsøy
 30.09.2012 Viljar Mikal Mongstad
 30.09.2012 Linnea Marøy Ervik
 30.09.2012 Marcus Emilio Fanebust
 Glomnes
 07.10.2012 Jonas Christensen
 14.10.2012 Emilie Frantzen Andersen
 14.10.2012 Emil Vetaas Vangberg
 14.10.2012 Kasper Stevnebø Dalland

Døde



06.07.2012 Margun Sætre
 17.07.2012 Paul Martinus Strand
 20.07.2012 Johannes Vetås
 25.07.2012 Marie Kolås
 27.07.2012 Lars Torvald Tvedt
 07.08.2012 Alfhild Ystebø
 10.08.2012 Amanda Borghild Valdersnes
 17.08.2012 Anfinn Birkeland
 21.08.2012 Leif Åge Tjensvold
 07.09.2012 Einar Håkon Haugland
 14.09.2012 Mikal Martin Hagen
 14.09.2012 Emma Nødtvedt
 18.09.2012 Sigmund Grindheim
 25.09.2012 Ragnhild Sigrun Nordanger
 27.09.2012 Mally Valdersnes
 02.10.2012 Oddmund Vetås
 05.10.2012 Adolf Fjellstad
 16.10.2012 Andreas Gjerde
 16.10.2012 Brita Mangersnes

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**
 Vi ordner alt vedrørende
 dødsfall i distrikt og by.
DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no

HENRY RATH
 AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR
 5939 SLETTA
 Tlf 56 37 21 08 Tlf 970 94 785
 Henry@Rath.no Tlf 56 37 11 95

**MTI
IT SERVICE**

Vatne Begravelsesbyrå AS
 Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
 Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
 Tlf 56 35 16 61 - Kontor

BUNNPRIS
 Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

**RISNES
ELEKTRO AS**
 Elinstallatør - Lampebutikk

SparebankenVest

REMA 1000
 bare lave priser
 Manger Senter
 09-22 (20) 5637 2255

**MANGER
GRAVMONUMENT**
 5936 Manger • Tlf. 452 71 563
 Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no

**Frantzen's
Gartneri**
 BLOMSTERFORRETNING
 Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

**Credex
ØKONOMI AS**
 Manger Senter
 Postboks 5 – 5931 Manger

Tørkeloftet AS
 Blomster & interiør
 Manger Senter
 Tlf: 5634000
torkeloftet@gmail.com
 Vi hjelper deg med blomster til alle
 anledninger.

KVALHEIM VVS
 AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
 Postboks 1 - 5931 MANGER
 Tlf 5637 4073 / kval.vvs@frisurf.no
 Måndag - fredag 0900-1630
 Laurdag 1000-1400

FISKENETT
 MANGER
 5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no

Smiths
 møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
 leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS**
 5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

Søndagsskole

21.oktober
18.november

søndag 21. oktober	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Sundagskulens dag. Offer til Bergen søndagsskolekrets.
søndag 28. oktober	1900	Sæbø kyrkje. Tomasmesse. Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin.
søndag 4. november	1900	Manger kyrkje. Minnegudsteneste.
søndag 11. november	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Søndag for dei forfylgde. Offer til Stefanusalliansen.
søndag 18. november	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Søndagsskule. Offer til Orgelprosjektet Manger kyrkje.
søndag 25. november	1600	Sæbø kyrkje. Misjonsgudsteneste. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
søndag 2. desember	1100	Sæbø kyrkje. Lys Vaken. Offer til Trusopplæring i Radøy.

Fredagstreff i Sæbø kyrkje

fredag 9.november	2000	Tema for kvelden er: "Å gi rom for sorga" ved Elna Tvedt Bauge Samtale og kveldsmat ilag etterpå.
-------------------	------	--

*"...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja,
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje."
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Gå til radoysokn.no eller følg oss på Twitter: [@radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i desember 2012.
Frist for innsending av artiklar/bilete er 13.november 2012.**

Redaksjon: J.William Kay, Audun Sylta, Elin Klausen • Bilete: J.William Kay, Magne Myrteveit, Elin Klausen, Sølvi Helen K.Mjos
Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

